

NOTAT

Vedlegg nr. 2

Til: Styringsgruppa
Frå: Sekretariatet
Kopi:

Saksbehandlar:
Synnøve Vilsvik
Vår dato: 03.02.2026

Sak 3/26 Tilgjengeleg finansiering- Handlingsprogram 2027-2029

Post 30 – Statlege programområdemidlar på riks- og lokalveg

Post 30-midlar blir hovudsakleg brukt på riksveg, men kan òg brukast til gang-, sykkel-, og kollektivtiltak av investeringskarakter på fylkes- og kommunalveg. Prioritering av investering på lokalveggar over post 30 føreset at tiltaka blir vurdert som meir kostnadseffektive/samfunnsøkonomisk lønsame, eller aukar måloppnåing i avtalen samanlikna med riksvegtiltak.

Prioriteringa av prosjekt over post 30 i handlingsprogram 2027–2029, år 1, er innspel til statsbudsjettet 2027. Viktige moment i denne samanhengen er:

- Det er ikkje gitt at alle prioriterte prosjekt i handlingsprogrammet får midlar i statsbudsjettet. I 2026 fekk alle nye prosjekt i handlingsprogram 2026–2029 midlar, med unntak av eitt.
- Styringsgruppa skal vedta ei prioritert rekkefølgje for prosjekta.

Tabell 1 under viser forholdet mellom tilgjengeleg finansiering og planlagt bruk av post 30-midlar i perioden 2027-2029. Kolonnen «Handlingsrom 2027-2029» viser til midlar tilgjengeleg etter at finansiering av bundne prosjekt er teke omsyn til. «Innspel HP27-29» gjeld prosjekt spelt inn til handlingsprogrammet som ikkje har fått oppstartsløyving. Det er meldt inn prosjekt for om lag 1,4 mrd. for perioden 2027-2029. Med eit handlingsrom på 1,8 mrd. svarer dette til eit mindreforbruk på 438 mill. totalt. Tre kommunar har tilgjengeleg til saman 517 mill. innanfor gjeldande avtale som det ikkje er lagt planar for. Askøy- og Bjørnafjorden kommune har spelt inn prosjekt med høgare kostnader enn dei har midlar til.

Sjølv om ein totalt sett går mot eit mindreforbruk i perioden 2027-2029, har alle kommunane i varierende grad planlagt aktivitet i prosjekt som gir restbehov etter 2029. Ettersom ny byvekstavtale ikkje ligg føre, er det uavklart korleis kostnader som strekkjer seg utover avtaleperioden skal finansierast. Staten har samtidig signalisert at byvekstavtalane skal førast vidare. Dei fleste prosjekt med betydelege restbeløp har planlagt oppstart i 2028, noko som gjer det mogleg å gjennomføre justeringar ved neste rullering av handlingsprogrammet.

Post 30	Handlingsrom 2027-2029	Innspel HP27-29	Differanse	Restbehov etter 2029
Bergen	1 107	803	304	1 383
Alver	257	73	184	28
Askøy	264	337	-73	131
Bjørnafjorden	92	97	-5	115
Øygarden	110	81	29	12
Sum	1 829	1 391	438	1 669

Tabell 1: Post 30 – Programområdemidler (tal i mill. 2026-kr)

Post 66 – Statlege belønningsmidlar til kommunane

Belønningsmidlar til kommunane skal bidra til betre framkome, miljø og helse ved å dempa veksten i personbiltransport og auka talet på kollektivreiser. Midlane blir utbetalt som ein årleg sum til kommunane. Tilskotet er meir fleksibelt enn programområdemidlane, og kan bli brukt både til planlegging og gjennomføring av tiltak.

Tabell 2 viser forholdet mellom tilgjengeleg finansiering og planlagt bruk av post 66-midlar i perioden 2027-2029. Kolonnen «Handlingsrom 2027-2029» viser til midlar tilgjengeleg hos staten ut avtaleperioden, samt midlar ståande på fond hos fylkeskommunen og i kommunane. Tabellen er førebels, ettersom sekretariatet ikkje har mottatt rekneskapstal frå alle kommunane for 2025 endå. I tillegg er prognosen for 2026 i hovudsak basert på handlingsprogram 26-29, og det er venta mindre justeringar i høve til dette. Alle kommunane har midlar nok til å dekkje dei prosjekta som er spelt inn til handlingsprogrammet, og tabellen under viser at det samla er om lag 30 mill. som det ikkje er lagt planar for.

Post 66	Handlingsrom 2027-2029	Innspel HP27-29	Differanse	Restbehov etter 2029
Bergen	109 049	103 973	5 076	-
Alver	22 060	8 000	14 060	-
Askøy	16 231	15 611	620	-
Bjørnafjorden	9 368	6 000	3 368	-
Øygarden	20 746	13 920	6 826	-
SUM	177 455	147 504	29 951	-

Tabell 2: Post 66 – Belønningsmidlar (tal i tusen 2026-kr)

Fylkeskommunalt bidrag

Det fylkeskommunale bidraget blir hovudsakeleg brukt til gang-, sykkel-, og kollektivtiltak langs fylkes- og kommunalveg. Midlane kan òg bli brukt til investeringar i bybanevogner, infrastruktur for låg- og nullutsleppsteknologi i kollektivtrafikken, tiltak i driftsinfrastruktur

for kollektivtrafikken og til vedlikeholdstiltak av investeringskarakter på fylkesvegnettet i avtaleområdet. Prioritering av prosjekt over det fylkeskommunale bidraget i handlingsprogram 2027 – 2029, år 1, er eit viktig innspel til fylkesbudsjettet 2027.

Når det gjeld handlingsrommet over det fylkeskommunale bidraget, er det nytta same metode som ved førre rullering. Då blei det vist til Prop. 11 S (gjeldande til 2037), som inneber ei fylkeskommunal forplikting utover slutten på byvekstavtalen i 2029. Dette betyr at prosjekta i omlandskommunane skal kunne fullfinansierast innanfor det fylkeskommunale bidraget i gjeldande avtale, inkludert restbehov etter 2029. For prosjekt i Bergen kommune er det ikkje stilt tilsvarende krav. Planlagt restbehov etter 2029 for omegnskommunane er 60 mill.

Tabell 3 viser samanhengen mellom avtalebeløp, rekneskap og planlagt bruk (2026-2029) over det fylkeskommunale bidraget. Med omsyn til rekneskapen for 2025 må det takast atterhald om at endringar kan kome, sidan rekneskapen ikkje blir rapporteringsklar før i februar. Med dei forutsetningane som ligg til grunn per no, viser oversikten at fylkeskommunen ligg 93 mill. over avtalebeløpet i byvekstavtalen.

Fylkeskommunalt bidrag		Beløp
Avtalebeløp i byvekstavtalen (2019-2029)		4 092
Rekneskap 2019-2025		2 526
Budsjett 2026		310
Tilgjengelege midlar 2027-2029		1 257
Prosjekt spelt inn HP27-29 (inkl. restbehov)		1 350
Gjenstående midlar		-93

Tabell 3: Fylkeskommunalt bidrag (tal i mill. 2026-kr)